

Det vert eldrefest også i år.

14.10.2016



180 kosa seg på eldrefesten i fjor.

Eldrefesten som dei siste åra har vore på Husnes har vore populær. I fjor var nær 200 på festen. I år var det usikkert om det vart eldrefest mellom anna på grunn av skifte av kommunalt tilsette. No er det likevel klart for stor eldrefest i Kulturhuset Husnes onsdag 26.oktober kl. 16.



[Uskedelinger på eldrefesten i fjor.](#)

Då eldrefesten var i fare, tok nytilsett leiar av frivilligsentralen, Veronica T. Thorsen, initiativ, og no er det klart for eit storslått og kjekt program. Ordførar Peder Sjø Slettebø er på plass og ber fram helsing frå kommunen. Bjørn Arve Lunde og Johanna Øvstebø Tvedten, begge velkjende og dugande skodespelarar og songarar frå Sunnhordland Folkemuseum, kjem over frå Stord. Dei vil framføra syngjespelet Peder Lundarstøl. Det trivelege Dugnadskoret frå Sandvoll vil framføra songar frå sitt publikumsvennlege repertoar, og Kristian Hus kjem og fortel om den nye boka si. Temaet er 'Frå heim til heim, blick på eldreomsorga i Kvinnherad'.

Middag og dessert vert servert. Det høyrer jo med på ein skikkeleg fest!

Det er bindande påmelding til frivilligsentralen, mobil 900 76 543, innan mandag 17.oktober. Prisen er 250 kr.

Vi nemner også at Hatlestrand, Ølve og Varaldsøy pensjonistforreining arrangerte tilsvarande fest for 115 pensjonistar frå nordsida av fjorden på eldredagen 27. september. Då deltok også nyslått pensjonist Kristian Bringedal. Han fortalde mellom anna om overgangen frå yrkesaktiv til pensjonisttilværet.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Arkivfoto: Kristian Bringedal.